

# Norsk Juletremesse, Sola

## 14-16 mars 2013



Mikal Hetland, Fister, har mange interesserte tilhørarar.

Av Terjer Hidle



### Politisk start

Assisterande landbrukssjef i Rogaland, Anfinn Rosnes, opna med fagre ord om kor bra juletre dyrking er og kor vel fylkesmannen har tilrettelagt for juletre i Rogaland, og tiltaksrekka er verkleg imponerande. Fylkesmannen føler ansvaret for dei overordna måla om større matproduksjon frå Regjering og Storting. Næringspolitisk talsmann frå Høgre, Svein Flåtten, var på hogget. Han ville gjera det råd å tena pengar i landbruket, og ta tilbake eigedomsrett og sjølvråderett. Dagleg leiar i Norsk Juletre, Tord Langmoen, meinte at juletreproduksjonen ikkje var sterkare enn det svakaste leddet i (sag)-kjedet, og nemde finansiering av rådgiving, like konkuransvilkår med utlandet mm.

Det blei ein svært engasjert debatt, med personleg engasjement og innleving om jordvern og matproduksjon sett opp mot jule-

tre dyrking og mulighet til å tena pengar på eiga jord. Det var ei nerve i debatten som ein skjeldan opplever i norske møtesalar, og det kom mange innspel frå salen også.

### Dagen starta med plante- og maskinutstilling

Her blei det vist mykje fint og nyttig utstyra, det var tilsaman 15 utstillarar. Kanskje bør ein neste år vende tilbake til å demonstrera maskinar i felt? Det var 120 påmeld, deriblant 3 små klassar frå landbruksskulande på Tveit og Øksnavad.

### Frå fagprogrammet

Arne Sæbø, Bioforsk Vest, starta balleten om toppskotsregulering: alle forsøka har resultert i to funn: 1) innan for dei økologiske metodane, er det berre ein metode som virkar tilnærma lik målet om 30 % reduksjon av toppskotsveksten: å skjera ut band av borken rett under toppknoppen. Kven kan og vil utvikla teknisk utstyr for å kunna gjera arbeidsoppereasjonen raskt og rasjonelt? Parallelt med det store forsøket, har Norsk Juletre gjort for-





Anfinn Rosnes, landbruksdirektør i Rogaland og Svein Flåtten, Stortingsrepresentant frå Høgre, etter den oppheta debatten.



Jan Ole Skage Skog og Landskap har glimt i auga.

▼ Marginal dyrkingsjord blir nytta til fjelledelgran hjå Mikal Hetland, men han likar ikkje proviniensen Spring Mt.

søk med MCPA: brukt i ørsmå mengder virkar dette velprøvde ugrasmidlet godt opp mot målet om 30% reduksjon av toppskotsveksten. Gorden Haaland informerte om at det er søkt om off-label for MCPA til toppskotsregulering, men Norsk Juletre har ikkje fått godkjenninga ennå. NB: utan å ha den rette oppskrifta og godkjenninga, må ein IKKJE nytta dette midlet på toppskota!

Claus Jerram Christensen frå Danske Juletrær presenterte salgssesongen 2012 sett frå Danmark, diskuterte ulike nord-

mannsgranprovinienar til juletreproduksjon, problemet med «røde nåler» og resultatata frå medlemsundersøkelsen etter 2012-sesongen.

Kurset i sal av juletre, var interessant, både for dei som sel direkte, og dei som satsar på engrosleddet. Laurdag fortalde Eirik Dahl om sine erfaringar som juletre dyrkar og drivar av tre salgsstader i Telemark. Erfaringar frå sal i København og Bamle synest å vera veldig samanfallande.







*Valgets kvaler; koss er desse plantene? Godt å diskutera med forskar Inger S. Fløistad, Skog og landskap.*

## Fagdag i Fister

Torsdag starta bussen tidleg og tok oss til Kristine og Mikal Hetland i Hjelmeland. Sola skein, vinden var kald og isen glatt: men ingen kunne vera uenige i att det var verdt å nytta tida på å sjå så fine fjelledelgraner, godt steldte og planta i utfordrande og marginalt terreng. Det var stor forskjell å sjå mellom ulike proveniensar: hjå Mikal skulle ein mest ikkje tru at Spring Mountain og Grassie Mountain var same arten?

I feltet fekk me eit spontan føredrag om Pistol i juletre Carl Peter Elggaard, Bayer: dette er eit kombinert middel, spirehemmande jordherbicid og glyfosat; produsenten lovar 4 mnd ugrasfrie felt. Plantevernmidlet Pistol er nå godkjend i juletreproduksjon, så endeleg har me fått ei godkjend spiregift igjen!! På Ungdomshuset Von, snakka Venche Talgø om sopp, om alle dei siste sjukdommane som har vore til last i juletre- og barproduksjon. Inger Sundheim Fløistad oppsummerte frå prosjektet Planter og plantekvalitet.

## Fagføredraga held fram laurdag med merkevarebygging av fjelledelgran

Bjørnar Bjelland kunne fortelja at dei nye kvalitetsnormene blir sendt ut til bruk i haust: det blir ein skriftleg mal, med illustrasjonsfoto. Skal kvalitetsnormene bli skikkeleg gode, er arbeidsgruppa avhengige av tilbakemeldingar frå brukarane, slik at nødvendige justeringar blir gjort.

Gorden Haaland presenterte pris-statestikk for dei tre hovudsortane: gran, nordmann- og fjelledelgran. Oppsummeringa var i kortform; stigande prisar til produsent, men ikkje så kraftig oppstramming på kvalitetsnormene i Norge som i Danmark? Jan Ole Skage, Skog og landskap, presenterte både produksjon av klippegrønt: nobel, fageredelgran og nordmann, ulike haustemetodar i nobel, og nye måtar å bruke baret til høgtidspynt og sorgbinderi.

Terjer Hidle viste temmeleg overraskande reknestykke på kor forskjellig prisen er for ulike praktiserte gjødslingsmetodar: kostnadene varierte frå 1400- 14 000 kr/daa/omlaup, variasjonane kom både av ulik mengde tilførde næringstoff, men serleg pga dyr bladgjødsling av mikronæringstoff. Klarer ein å ta ut 60-70 fleire kvalitetstre pr daa, løner det seg kanskje likevel?

Det blir mykje tilleggsmøtevirksomhet, for når godtfolk møtes, må ein nytta tida. Nytt i år var at det blei invitert til eit infomøte om eventuelt å skipe erfaringsgrupper med fokus på engros-produksjon: 25 stk møtte, og ei arbeidsgruppe vart valdt for å sjå på saka.

Det er travelt, og gildt å vera på messa. Og veldig sosialt! Takk til Arrangementskomiteen og Rogaland Pyntegrøntlag. ■



*Maskinutstillinga. Noko nytt eg burde skaffa meg?*